



Sogn Cykleklubb



ÅRSMELDING 2015

1 OPPSUMMERING AV SESONGEN 2015

Trening:

Trenings sesongen starta for dei fleste i midten av mars og det har vore same opplegg som tidlegare år: Intervall tysdag og torsdag, samt langtur laurdag (frå sogndal).

Ikkje eigen ungdomstrening denne sesongen, då dei unge syklistane har delteke på dei vanlege fellestreningane.

Satsing på unge syklistar:

Klubben har i 2015 fortsatt satsinga på unge syklistar. Sedrik Engebø Ullebø, Thristan Engebø Ullebø, Runar Sekse og Eirik Kinserdal har fått økonomisk støtte frå klubben.

Alle har levert gode resultat sesongen 2015!

Det blir spennande å fylgje alle dei unge syklistane vidare framover, og klubben har ogso plass til fleire som ynskjer å satse!

Turritt:

Klubben deltok som vanleg med ein større kontigent på Bergen-Voss, og elles har klubbens medlemmar vore med på blant anna Nordfjordrittet, Voss-Geilo og Skarverittet (terreng).

Arrangement:

I 2015 arrangerte Sogn CK det 25. Jotunheimen Rundt (jubileum) og det 18. Sognefjellrittet. Ritta er krevjande å arrangere og ein har arbeida med å gjere organisasjonen meir robust. Detaljert rapport frå ritta lenger nede i årsmeldinga.

Sognefjordrittet vart ikkje arrangert dette året, då familien Kalstad ikkje ønska å vidareføre rittet. Rittet har i tre år heidra Roald Kalstad på ein god måte og gitt gode inntekter til kreftforeningen.

Sesongavslutning:

Sesongen vart avslutta med fest på Sogndal Lodge. Det var markering av gode resultat, gode trenarar og ein tradisjonsrik Quiz.

2 STYRE OG STELL

Styret i Sogn CK har i 2015 bestått av:

Leiar: Cathrine Stigen Bøen

Nestleiar: Weronica Øvstetun

Kasserar: Reni Herland

Styremedlemmar: Knut Kjærvik og Erik Sannebro

Varamedlemmar: Bjørn Birger Bremer og Tor Erik Hamre

Revisor: Deloitte

Valkomite: Kjetil Melheim (leiar), Oddvar Husum, Kurt Jevnaker, Johannes Tubbene (vara).

Styret har i perioden hatt 6 styremøte. Styret har og fungert som styringsgruppe for JR.

2.1 MEDLEMMER

2015 hadde 127 betalande medlemmar i klubben, ein oppgang på 11 stk frå sesongen 2014.

2.2 SPORTSLEG UTVAL

Sportsleg utval har bestått av Geir Orrestad, Jon Stedje og Stig Vattekar.

Dei la fram forslag til sesongplan for 2015 basert på erfaringar frå tidlegare år, samt etter innspel frå medlemmane.

2.3 SPONSORAR

I 2015 var vår hovudsponsor Sparebanken Vest.

Andre sponsorar: Hans Nes Bygg AS, Nortura og Statkraft.

2.4 ØKONOMI

Sogn CK har ein solid økonomi.

Me får inn eit godt bidrag til klubben gjennom Link Bingo.

Klubben får og inn ein lite skjerv frå grasrotandel.

Dette saman med sponsorinntekter og inntekter knytt til Jotunheimen Rundt gjer at klubben sit i ein god økonomisk situasjon.

3 AKTIVITETAR

3.1 TURGRUPPA

Turgruppa hadde som vanleg laurdagstreningar med oppstart i mars månad. Oppmøte klokka 09:00 utanfor Statoil Sogndal. Inndeling i tre gruppar med faste kapteinar i kvar gruppe:

- Gr 1 fart tilsvarende Bergen-Voss på under 4:30.
- Gr 2 fart tilsvarende Bergen-Voss på ca 5 timar.
- Gr 3 fart tilsvarende Bergen-Voss på meir enn 5 timar.

Målsettinga for dei fleste var ritta Bergen - Voss og Jotunheimen Rundt.

Som utgangspunkt for gjennomføring av desse treningsturane var den sportslege plan som sportsleg utval hadde utarbeida. Det var sjølvstekt rom for endringar der ein såg det som teneleg. Det starta som vanleg med turar utover mot/til Hella. Seinare meir retta mot mål som Fortun og Jostedalen.

Det har vore trening tysdagar og torsdagar både på Leikanger og Sogndal. Øktene var lagt opp med variasjon på intervall (flatt/bakke), tempo, fartsleik og rulletrening.

3.2 SPINNING

Spinning på Idrettssenteret i Sogndal kom i gang på vinteren 2015/16. Klubben har hatt avtale med idrettssenteret om eigen drop-in pris.

4 ARRANGEMENT

4.1 JOTUNHEIMEN RUNDT OG SOGNEFJELLSRITTET 2015

Eigen årsmelding

4.2 LUSTER ENDURO 2015

Luster (tidlegare Sogndal) Enduro vart arrangert for 4. gong 28. juni. Rittet vart i år som i fjor arrangert på Molden, og hadde 3 fartsetappar med omlag 80% nedover og 20 % bortover og oppover. Vinnar av rittet var den som hadde kortast samanlagttid på dei 3 fartsetappane.

Rittet var del av ein nasjonal cup 80/20 Enduro Serioes, og det var 100 deltakarar.

Rittet vart fort fullteikna og fekk god merksemd nasjonalt.

4.3 TOUR OF KIDS 2015

Tour of Norway for kids blei arrangert i sentrumsparken i Sogndal 12.07.2015. 273 unge lovande syklistar sykla i flokk bak ledarbil i reinaste Tour de France stil.

Runar Sekse var med som frontfigur og forbilde og sykla i front i alle årsklassane.

Vellykka arrangement som også kjem til Sogndal att i 2016.

5 RESULTAT AKTIVE SYKLISTAR I KLUBBEN

5.1 SEDRIK ENGEBØ ULLEBØ

Sedrik har diverre hatt kyssesjuka vinteren 2015 (og brot i armen hausten 2015) og med det fått spolert store deler av sesongen. Kom likevel sterkt tilbake og vann blant anna gateritt i NM 26. juni!

Utvalgte resultat sesongen 2015:

- Gylne Gutuer nr 7
- Randsfjorden Rundt nr 1
- Tyrifjorden Rundt nr 3
- Eidsvollrittet rankingritt nr 24
- NM landevei tempo nr 16
- NM landevei gateritt nr 1
- Sognefjellsrittet nr 1

5.2 THRISTAN ENGEBØ ULLEBØ

Thristan har levert ein ny god sesong, og følger i broren sine fotspor. Utvalgte resultat:

- Askøy sykkelfestival to 2. plassar i G13/14
- Fana 3-dagars 4. plass samanlagt
- Ungdomsmesterskap fellesstart nr 3
- Ringerike Petix Prix nr 8 samanlagt

5.3 RUNAR SEKSE

Runar har hatt ein god andre sesong på landevegen med følgjande resultat:

- Sund fellesstart nr 1
- Straumemilen nr 4
- Askøytempo nr 6
- Askøyrunnen nr 3
- Lønningrittet nr 11
- Fanafjellet opp nr 15
- Sturerittet nr 3
- Tjeldstø tempo nr 6

5.4 EIRIK KINSERDAL

Eirik har mange sterke resultat i sin andre sesong på landevegen:

- Rådalen rundt nr 5
- Systemkjøkken grand prix nr 26 og tempo nr 64
- Bergsdalen opp nr 1
- Eidsvollrittet rankingritt nr 53
- Trollstigrittet nr 3
- Sognefjellsrittet nr 2
- Tour de Hallingdal nr 2 samanlagt
- Sturerittet nr 2